



Foto: Elstad, Jørgen N.


Maihaug

Kor mykje hadde vi – kor mykje har vi fått seinare – kor mykje vil vi ha?

Kulturminneplan del II Ringebu kommune 2021-22

Rapport


Oddleiv Ringlund og Torveig Dahl



På kartet her er bygningsmassens aldersfordeling vist.

Det er ennå så mange bygninger igjen fra de forskjellige epoker at de sammen danner et lesbart mønster når det gjelder den historiske utviklingen av stedet. (Se også temaene "historisk utvikling" og "bebyggelsesmønster")

Øst dronefoto ca 2020, under historisk utvikling av bygninger i Vålebrua
(s 17, Stedsanalyse, Asplan viak 2002)



Avgrensing av området for planen, jf. «Vålebru inn i fremtiden» og reguleringsplan. I tillegg har vi teke med eigedomen Lye på Ulberg (etter kunstmalarane Karl Løkke og Karl Wimmer), Solhaug langs Vekkomsvegen, etter smeden Tor Torgersen, og eigdomane: fryseriet, Shellstasjonen og Nustadhuset på austsida av E-6 i sør.

Innleiing - stasjonsbyen, Vålebrua, Ringebu sentrum eller Landsbyen Ringebu

Det er skrivi mange rapportar, historiske artiklar og teke mange flotte fotografi av Vålebrua, denne vesle stasjonsbyen i Gudbrandsdalen. Denne rapporten bygger på mykje av det som er skrivi tidlegare som eit supplement til vårt arbeid for alle eigedomane i Kulturminneplan Del II. Vi gjentek difor ikkje alt som står i andre rapportar/artiklar. Spesielt interesserte kan sjå på kjeldelista sist i denne rapporten, der vil ein finne mykje meir spanande vurderingar og historikk som visser potensiale og bakgrunn for god bevaring og utvikling av dette spesielle sentrumsområdet framover.

I denne rapporten prøver vi å oppsummere det vi har funne i vårt feltarbeid som grunnlag for Ringebu kommune sin kulturminneplan. Vårt fokus har vore det bygningssmessige og heng saman med dei faktaarka vi har laga for kvar eigedom/husmiljø i eit avgrensa område jf. vårt mandat.

Ein fellesnemndar for kulturminna ser vi er gjenbruk/ombyggingar, fleksibilitet, nytte det ein har, og samstundes gje plass for nye tiltak og nye retningar i byggesikk.

Det er grunn til å rose Ringebu kommune som har vore så aktive i å bevare og vidareutvikle bygningsmassa i denne stasjonsbyen i nært samarbeid med næringsliv og alle som bur i Vålebrua gjennom 150 år.

Ringebu 2. mars 2022

Oddleiv Ringlund og Torveig Dahl

1 Bakgrunn

Ringebu kommune vedtok i 2018 ein temaplan, Kulturminneplan 2018-2030, Del I, området langs Gudbrandsdalsvegen gjennom kommunen. Feltarbeid og rapport vart utført av Gudbrandsdalsmusea v/Oddleiv Ringlund og Torveig Dahl, i samarbeid med sakshandsamar Tina Lie, Ringebu kommune, som laga generell del og var vår oppdragsgjevar. Arbeidet var finansiert av kommunen med tilskott frå Riksantikvaren/Opland fylkeskommune.

I 2021 inngjekk kommunen avtale med Gudbrandsdalsmusea v/Oddleiv Ringlund og museolog Torveig Dahl, for å gjennomføre feltarbeid og utarbeide rapport Del II, Vålebru sentrum og Fåvang sentrum. Seinare har dette vorte delt inn i Del II Vålebrua – som skal til politisk handsaming vår 2022, og Del III Fåvang sentrum, som skal til politisk handsaming etter feltarbeid og utarbeiding av rapport sommar/haust 2022. Arbeidet er finansiert av kommunen med tilskott frå Riksantikvaren/Innlandet fylkeskommune.

Det er Levekårsutvalet i kommunen som er styringsgruppe for arbeidet. Det har vore kommunikasjon med saksansvarleg i kulturarv, Innlandet fylkeskommune for avklaringar mm. i arbeidet. Mandat, tematisk, tidsperiode og geografisk avgrensing er vedteke av styringsgruppa. Arbeidet har også vore lagt fram for levekårsutvalet undervegs.

Generell del av Kulturminneplan 2018-2030 blir revidert og utvida for desse områda som nå er under arbeid. Det er tenesteleiar Anne B. Vestad som er sakshandsamar i kommunen for arbeidet og som er vår oppdragsgjevar. Avgrensing av området og rammer for arbeidet er gjort i samarbeid med tilsette i kommunen ved planavdelinga og prosjektet Vålebru inn i framtida.

Temaplanen Kulturminneplan Del II 2022-2030 vil såleis bestå av ein generell del, revidert av kommunen, og faktaark for alle bygningsmiljø i avgrensa område. I tillegg utarbeider vi denne fagrapporten med ei oppsummering og analyse av kulturminna vi har dokumentert, slik blir det også med Del III.

2 Metodikk, avgrensingar og gjennomføring

Kva er eit kulturminne? Lov om kulturminne § 2 «Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.» ... «Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng.»

Geografisk avgrensing er gjort i samråd med Anne B Vestad, kultur, og fleire på plan i kommunen som jobbar med Vålebru inn i framtida, reguleringsplan mm. Det var logisk at det skulle vera samanfallande avgrensing av område, sentrumskjernen med nokre tilliggande område både for Vålebrua og Fåvang sentrum.

Avgrensing i tid/periode/tema vart drøfta med dei same. Det var eit ynskje frå kommunen at vi skulle gjera ei kartlegging heilt fram til i dag, og omfatte alle kulturminne, ikkje avgrense til nokre tema eller periodar.

Objekt eller miljø? Det var eit klart ynskje, og i tråd med føringar frå Riksantikvaren (RA) og fylkeskommunen (IFK), at planen skulle omfatte miljø, ikkje enkeltobjekt/hus.

Vi har såleis laga eitt skjema for kvart miljø som logisk høyrer saman, eit tun eller felles drift. I tillegg har vi teke med noko vegetasjon som del av miljøet.

Kulturminna heng saman med folka som har budd, arbeidd, bygd, levd, i området gjennom vel 200 år. Vi har ikkje skrivi om menneska, næringsutvikling, veghistorikk osv, men det er eit bakteppe for arbeidet. Vårt mandat var dei fysiske kulturminna som vi kan sjå i dag, slik dei står, det ytre, det ein ser, utan å gå inn i bygningane. Samstundes har vi teke med foto og informasjon for å vise endringar og forstå litt av utviklinga til kulturminna, og korleis Vålebru har det vorte slik det er i dag.

Vi har kartlagt og dokumentert kulturminna som ein felles kulturarv, uavhengig av privat-eigedom, innreiing i husa og personar.

Kulturminneplan, andre planar og kjelder Før vi starta med feltarbeidet, hadde vi satt oss inn i gjeldande planar, relevante eldre rapportar og lokalhistorisk litteratur, sjå kjeldeliste sist i rapporten.

Feltarbeidet og etterarbeid Sjølve feltarbeidet vart gjennomført til fots av Oddleiv Ringlund og Torveig Dahl, i juni/august. 2022. Bearbeiding av foto og materialet vart gjort haust -21/februar -22, med avbrekk for anna arbeid.

Del I var laga som ein generell del + eit skjema for kvarthus/miljø med foto og annan informasjon. Det var eit ynskje frå kommunen at vi skulle halde fram på same måten i sentrumsplanane, men vi har revidert skjema litt. Det vart også laga eit informasjonsskriv med skjema for huseigarar og andre interesserte. Dette gav vi til huseigar/leigetakar når vi var rundt på eigedomane. Der vi ikkje fann folk, la vi att infobrev og skjema med kontaktinfo i postkassa. arbeid vi baa har hatt i perioden.

Involvering Grunna pandemien var det ikkje mogeleg med opne møte (som vi hadde veldig gode erfaringar med frå Kulturminneplan Del I). Vi hadde open dag på hhv. Innovasjonssenteret og Ysteriet kafe, men det var få som kom. For å få til involvering har vi kommunisert aktivt med folk når vi har vore ute på feltarbeid i Vålebrua, vore på besøk eller hatt besøk i Midtdalsarkivet, der Oddleiv jobbar, og der vi har samarbeidd i ferdigstilling av rapporten. Vi har etter beste evne prøvd å invitere til aktiv involvering i prosessen, til tross for begrensingar i høve pandemien.

Vekting Både kommunen og fylkeskommunen har hatt eit ynskje om at vi skulle bruke vekting 1-4 for kulturminna. Vi har såleis lag til grunn same prinsipp for vekting som vart brukt i Del I. Dette er våre faglege vurderingar vurdert opp mot kunnskapsverdi, opplevingsverdi og bruksverdi (jf. Riksantikvaren, Håndbok for lokal registrering). Riksantikvaren har laga eit eige skjema med mange ulike kriterium, dette viste seg å vera for komplisert å bruke for slike mengder kulturminne som vi hadde og til vårt mandat. Vi har difor valt å bruke eit forenkla oppsett i samråd med kommunen:

Kategoriar	Liten verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
<i>Talverdi</i>	4	3	2	1
<i>Forklaring</i>	<i>Lokal, privat verdi</i>	<i>Lokale, felles verdiar</i>	<i>Sterke lokale, eller regionale verdiar</i>	<i>Nasjonalt interessant</i>
<i>Anbefaling til utval for kommunen</i>			<i>Anbefaling til politisk vedtak om verne-status i kommunen</i>	<i>Forslag freding eller høg vernestatus i kommunen</i>

Dette vil seinare bli gjennomgått av styringsgruppa (levetårsutvalet) for prosjektet. Dei vil gjera si prioritering for kommunen vidare, som så blir politisk handsama og vedteken som temaplan.

Feilkjelder Det har vore eit omfattande arbeid, og mange hus og eigarar å halde styr på. Vi har ikkje hatt tilgang til informasjon om alle nyare eigedomsskifte, slik at det kan td. stå feil eller manglande eigar på skjema.

I litteraturen vi har lagt til grunn kan det vera divergerande opplysingar, eller informantar kan ha ulik informasjon. Vi har ikkje hatt ressursar til å grave veldig djupt i kjeldene for kvart objekt/miljø. Det kan såleis vera feil og manglar i vår framstilling

Ettersom vi ikkje har gått inn i husa, kan det i ein del tilfelle vera vanskeleg å seia om det er reisverk, lafta (kamlaft eller sinklaft), pløyd liggande plank eller annan konstruksjon.

På same måten har det nokre gonger vore vanskeleg å sjå kva for type materiale (stein/plate) som er på taket, vi har ikkje klatra opp eller brukt kikkert.

Vi har teke mange foto og har prøvd å samle sentrale foto på skjemaet. For mange objekt har vi satt inn eldre foto, foto eller utsnitt av flyfoto for å vise korleis området har endra seg, og gjera merksam på dei element som står att frå tidlegare periode. Vi har hovudsakleg henta eldre foto frå Digitalt Museum, og ikkje henta inn særleg mykje nytt. Mange av dei er ikkje datert, diverre.

Ein kan lett bli påverka av subjektiv oppfatning av kulturminna i slik kartlegging. Difor har vi ikkje brukt nemningar som pent/stygt, men forsøkt å omtale dei utan bruk av slike lada ord.

Kompetanse Vi to som har gjort dette prosjektet for kommunen, har veldig ulik, mangfaldig og relevant kompetanse for ein slik jobb. Oddleiv Ringlund er mangeårig snekkar og murar mm., og er nå arkivar i Midtdalsarkivet, Gudbrandsdalsmusea. Torveig Dahl har sveinebrev som møbelsnekkar frå Hjerleid, er kulturhistorikar frå UiO og HiVolda, og har lang erfaring innan kulturminnevern, lokalhistorie og museumsarbeid.

Vi er heimehørande i hhv. Fåvang sentrum og rett opp for Vålebrua. Slik sett er vi både fagfolk som dokumenterer kulturminna, og informantar på lik line med mange av dei vi har prata med i arbeidet. Dette har sjølvstilt krav til at vi kontinuerleg tenkjer rolleavklaring i arbeidet.

3 Bygningsmessig oversyn

- | | |
|-------------------|---|
| 1. periode | før jernbana 1896 |
| 2. periode | jernbanebygging og blomstringstid |
| 3. periode | 1930-40-åra stillstand |
| 4. periode | 1950 – 1980 oppbyggingstid |
| 5 periode | 1980- 2005 postmodernismenⁱ |
| 6. periode | 2005 – nytt liv i landsbyen |

I arbeidet har vi funne det praktisk å legge desse periodane til grunn, gjer det lettare å forstå utviklinga. Vi har funne gode beskrivingar av utviklinga av næringar og busetting i andre relevante plandokument, slik at vi har ikkje funne grunn til å gå nærmare inn på dette i vår rapport. Sjå god analyse i Mangset, Kari Laaverud Mangset, *Vålebru inn i framtida. Prosjekt-*

plan. Ringebu kommune 2020. Sjå gode omtalar av framveksten Vålebrua i boka av Per Åsmundstad, *Landets minste by*.

Materiale

Det mest vanlege byggematerialet i Vålebrua er **treverk**; tømmer, plank, panel med ulike byggeteknikkar og funksjonar som berande konstruksjonar, vern mot ver og vind, eller som dekor. Dette gjeld frå dei eldste husa til nyare bustadhus eller uthus.

Vi finn ein god del **murhus**, gråsteinsmur oftast som grunnmur. Det fins nokre unntak, t.d. bakeribygningen i fyrste etasje i bakgården i Mæhlumsgården (foto nedst til venstre). Vi har funne mange hus bygde av lokalt formstøpte sementsteinar, t.d. Våla bruk (under til venstre). Desse har vore produsert gjennom ein lengre periode, det nyaste er truleg fjøset som Heuschel bygde (i samband med pølsefabrikken i Hanstadgata) i nordre ende av Vålebrua (nå murermeister Halvorsen). Det eldste er truleg Våla bruk frå 1915.



Den eldste teglsteinen vi fann, var i settefiskeanlegget ved Våla (øvt til høgre). Det er det brukt blanding av ny tegelstein, og gjenbruk både som byggemateriale til reparasjonar. Det er ein del nyare hus med teglstein, t.d. bankbygget (over), telegraftårnet (kvit stein), og delar av bygningar, ofte som eit arkitektonisk innslag.


I nyare tid har det kome heilt andre byggeteknikkar og materiale med annan bereevne og eigenskapar enn tre og stein/mur: stålkonstruksjonar, ferdigelement av ulike typer, glas og aluminium.

Byggeteknikk

Vi finn veldig ulike byggeteknikker brukt i Vålebrua. Dette kan delast inn i ulike periodar, og for ulike typer hus.



I tida før 1900 finn vi hovudsakleg lafta hus (figur 1), og nokre uthus/skur ol. i enklare byggetype. Mange av desse tidlege husa er flytta frå gardar eller plassar andre stader i

området, t.d Ferdmanns-kvila i Fonstad (foto under), av dei eldste husa som er bevara, flytta hit frå Våle oppe i Vekkom.



Figur 1 vanleg lafteknute, fins i utallige variantar Ferdmannskvila i Fonstad, frå Våle

Frå ca 1900 og framover til 1940 vart det satt opp mange lafta hus i området. Det er blanding mellom vanlege lafteknutar (lett å kjenne att med markante novkasser), og andresom er lafta utan lafteknuter og novkasse, gjerne med eit ståande bord som vern på kvar side av hjørnet. Da er det snakk om ulike variantar av sinklaft eller kamlaft (figur 2), det kan såleis vera forveksla med reisverk i våre omtalar av kvar bygning.



Figur 2 kamlaft og sinklaft, kjelde Wikipedia figur 3 ulike variantar av pløyd plank, kjelde Wikipedia.

Ein annan byggeteknikk som også var brukt ein del på 20-30-talet, er liggande 2x6" høvla heilt like plank som har pløyde spor (not og fjær i ulike variantar) over og under (figur 3). Dei aller fleste av desse er nå panelt, og det er difor vanskeleg å sjå om det er laft, reisverk eller slik liggande plank.

Vi kjenner til to hus i Vålebrua med **utmura bindingsverk** utan panel, av desse er eitt bevara: del av fargeriet i Østby. Det andre huset var pottoskehuset som sto rett på andre sida av Våla. Det vart rive ca. 1950 i samband med at Bjørge hotell vart bygd.



Maleri av pottoskehuset av Karl Løkke, foto Lars Tvete Fargeriet i Østby i dag, bindingsverk og villskifer på taket

Reisverk og bindingsverk er ofte nemningar som kan bli brukt om kvarandre, og er den alt overvegande byggeteknikken for trehus fram til i dag.

Bindingsverk er en huskonstruksjon med et skjelett av stolper og trebjelker og mellomrommene fylt ut med annet materiale, oftest murstein. Bindingsverket er en ren bærekonstruksjon, et «skjelett» som enten trenger utfylling i hulrommene eller kledning på en eller begge sider for å danne en tett vegg mellom ute og inne.

Ofte forveksles bindingsverk med **reisverk**. Bindingsverket består av vertikale stendere eller stolper og horisontale sviller i topp og bunn, ofte supplert med skråavstiving, spikerslag, loshoter og utlekting. Eldre bindingsverk hadde grove dimensjoner. En variant av eldre bindingsverk er utmurt bindingsverk, vanligvis med synlig bindingsverk og murverk av tegl til utfylling av fagene. Sammenføyninger ble gjort med tapping, bladning og kamming, uten bruk av spiker, men med trenagler. Wikipedia

Etter 1945 finn vi mesta berre ulike reisverkshus, panelt, og ofte med nyare påbygg, sval eller anna utviding i ei eller to etasjer, med saltak eller pulttak.

Vi ser at det har vore vanleg med murhus knytt til industri og andre næringsbygg sidan 1900-talet fram til moderne tid. Frå 1975-80 vart det vanlegare med ulike ferdigelement og andre berande konstruksjonar i næringsbygg, dvs. stål, betong og limtre.

Vindu Ulike stilarter/byggeperioder har ofte ulike utformingar av vindu. (Sjå Designguide for Ringebu). I vår kartlegging har vi funne mange ulike hovudtyper med variantar.

Inndelinga av vindu side-, midt og nokre døme på overhengsling,
midtpost, krysspost, T-vindu
heile ruter, 2+2, 2+3, 2+4 – som regel ståande rektangulære ruter

Dei fyrste vindua vi finn er dei småruta, 2+2 ofte bevare i uthus, eller 2+3 eller 4 på kvar side av midtposten, desse har preg frå barokken, rokokko eller tidleg empire, ofte små ruter. Sveitserstilen kom med krysspost, større ruter, seinare vart det overgangar til jugend med T-post, eller ein kombinasjon av midtpost og mindre ruter over.

Ei anna type småruter finn vi som ein rest frå tidlege industribygningar. Det er jern-innramming i murbygningar, som bakeriet i Mæhlumsgarden, bakeriet i Olstad, og i hus som er borte: ysteriet. Eigaren, Arne Martinsen fortel at i denne bakeribygningen er det gjenbruk frå den fyrste ysteribygningen.

Eit vindu er med og gjev huset eit preg, samstundes som det fortel korleis det som skjer inne i huset kommuniserer med det som er ute og omvendt. I og med at dette er eit handels-sentrum, vart det tidleg vanleg med store, ofte låge vindu mot gata i butikkane.

Utpå 1960-talet kom enda større vindusflater, dei delte gjerne veggflata ut mot gata med eit «magebelte» på huset og stor vindu under, medan vindu i andre etasje var uendra. I seinare tid er det vanleg med mindre vindu i dei store butikkbygga, da ein vil ha betre plass til hyller, og ikkje ha så store og mange vindu. Store vindu er da som regel sentrert kring inngangpartiet.

Eit vindu høyrer med til kva for preg/periode/stil/uttrykk eigaren ynskjer å ha på sitt hus. Vindu i hus som er uendra er i same stil som huset, medan dei husa som er bygde om, tilpassa eller moderniserte har fått husmorvindu (ei stor firkanta flate), eller i seinare tid er det ofte også vanleg med ulike variantar av småruter ved ombygging, forsøk på å gjenskape tidlegare preg.



Over bakeriet i Olstad med vindu frå det gamle ysteriet. Under ulike vindu frå 1900- og framover.

Vindu er ramma inn på ulike måter, avhengig av byggestil på huset. På sveitser og jugendhusa er ofte vindusinnramminga rikt dekorert, medan funkis kom med minimal innramming av vindu. Dette har heldt seg fram til i dag. Dei eldre hustypene som ikkje er endra, har oftast avvikande farge på innramming og karm, unnatak er dei sveitser/jugendhusa som er kvitmåla, da er det gjerne same farge på alt.

Funkis-husa har oftast avvikande farge på innramming og karm, oftast kvitt, dette har heldt seg fram til moderne tid. I dag er tendensen å ha ei farge på heile veggflata, medan vindusramma er kvit (t.d. Innovasjonssenteret). I dag finn ein alle typer vindu i husa i Vålebrua.

Solskjerming av vindu er ein del av arkitekturen, og har også endra seg gjennom åra. Vi har hatt Innvendige rullegardiner sidan truleg tidleg på 1800-talet, så kom utvendige markiser med «sidekappe» kring 1900, så innvendige persienner saman med alle typer markiser. I dag ser ein ofte at det blir brukt utvendige persienner, særleg på næringsbygg, men også på privathus.

Kva for type solskjerming ein har er med og *pregar huset utvendig* i sterk grad. Utvendige persienner er kan hende det som endrar preget mest, og som kommuniserer minst med utomverda.



Til venstre Elstadbygningen med ei tidleg markise med «sidekappe» som var vanleg fyrst for butikkvindu, men og elles. Bygningen er gråmala, medan vindusinnramminga er kvit. Midt i ser vi Innovasjonssenteret med utvendige persienner. Her er vindusramma mala kvitt, medan karmen er som resten av huset. Til høgre det gamle samvirkelaget med både enkle, nyare markiser og utvendige persienner.

Utvendig kledning Paneling av hus var ikkje vanleg for dei eldste husa i Vålebrua. Det var oftast hovudbygningane på gardane som fekk panel og maling, det vart sett på som ein luksus. Seinare vart det meir vanleg, også som eit vern for ein sliten tømmervegg. Det er bevara fleire lafta hus i Vålebrua **som ikkje er** panelt utvendig: Smestad, Hanstad, Fonstad, Østby m.fl., alle er frå tidleg busettingshistorie for Vålebrua, før jernbana kom.

Dei tidlegaste paneltypene hadde ofte profilar, t.d. perlestaff, eller faspanel, dvs. panel med not og fjør, som innvendig panel. Seinare kom over og underliggar i ulike variantar, som seinare vart vidareført på tømmermannspanel. Det er ståande panel som er mest vanleg i vårt område, men ein finn også liggande panel.

Låver og andre uthus har oftast enkel panel, kant i kant. Uthus var gjerne umalte, eller fekk raudfarge, som uthus på gardane. I Vålebrua finn vi også at uthus/garasje har same panel og farge som hovudhuset.

Taktekking Den eldste taktekinga er torvtak, men det finn vi nesten ingen av i Vålebrua i dag, unntak: bakeriet i Olstad. I Gudbrandsdalen har vi hatt god tilgang på ulike typer skifer som var vanleg på dei fleste tak. Vi finn alt frå vakre villskifertak, store rektangulære skiferheller, mindre kvadratskifer/rutaskifer, og hanskebak i litt ulik storleik.




Øverst til venstre villskifer, til høgre firkantskifer, under til venstre handskebak skifer, under til høgre tegl.

Skifer var det mest vanlege i Vålebrua fram til vi fekk raud teglstein, bølgeblikk, metallplater (før 1900). Til sveitserhus og jugendhus var det vanleg med skifertak, gjerne litt mindre handskebak eller rutaskifer. Frå 1950-talet kom både grå og raud sementstein meir i bruk. På 1960-70 talet kom shingelpapp, seinare nyare takstein eller plater som illuderer stein, ofte kalla taksteinsplate, i hovudsak blank svart.

Vi ser ein tydeleg tendens i nyare tid til at skifer blir skifta ut med plater eller taksteinsplater, oftast svart, i Vålebrua. Dette er veldig synd for heilskapspreget og for bruk av lokal materiale. Teknikken med å bryte og leggja skifer fins enda, og har i nyare tid hatt renessanse i mange bygder i Gudbrandsdalen og Valdres. I Kulturminneplan Del I fann vi usedvanleg mange gamle villskifertak i god stand på løene ute på vollane. Om det var rutaskifer eller handskebak, var det oftast gjenbruk frå andre bygningar på garden. Slik gjenbruk fann vi lite av i Vålebrua.

Takvinkel Dei alle fleste husa i Vålebrua har saltak med varierende takvinkel. På klassiske tømrahus (både bustadhus og uthus) finn vi gjerne ein litt mindre vinkel (18-30 grader). For sveitserhusa med skifertak, vart det vanleg å ha litt brattare vinkel.

På både ei og to etasjer bustadhus finn vi ofte ei sval (i ei eller to etasjer), ofte nåsåsval, men også pulttak. Medan uthus, påbygg på uthus, ofte har pulttak, ein billeg og grei måte å få seg ein garasje på for mange (figur 4)



figur 4 ulike taktyper, kjelde Wikipedia. I midten foto av Kaupanger med mansardtak og nytt påbygg med pulttak, alt belagt med skifer. Til høgre Anderssongården med apoteket og Melbybutikken i Jernbanegata.

Nokre av jugendhusa har litt ulike variantar av valma tak, heilvalma, halvvalma (berre oppe i mønet). Elles finn vi nyare valma tak ved t.d påbygg i vinkel på alle mogelege hustyper.

Flate tak finn vi frå utover på slutten av 1950-talet (det fyrste var truleg trykkeriet til Klufften), men det er sjeldan. Etter 1980-talet har vi fått fleire med flate tak på næringsbygg. Men her har ein også fleire variantar med saltak/pulttak for å illudere takvinkel (samvirkelaget). Vi finn nokre få to etasjes hus med påbygg i ei etasje med flatt tak med veranda oppå (t.d. Bråten-butikken, utvida i nyare tid).

Fire av dei mest spesielle og godt bevara bygningane vi har i Vålebrua er frå blomstringsperioden kring etter 1900. To av dei er teikna av arkitekt Jürgensen (sjå artikkel av Lars Tvete, Hemgrenda 2020). Dei har særprega tak med mange fine detaljer. Fredly (foto under til venstre) og Kaupanger (foto under til høyre). Fredly har diverre ikkje skifertak lenger, men svart, moderne tekking. Oppe i Brekkebakken finn vi også fleire ekstraordinære hus, av desse er to godt bevara (Solbakken til venstre og Narvesen til høgre).



Kaupanger var flottaste kommunehuset i dalen da det stod ferdig i 1911.



Her ser vi fire av dei mest ekstraordinære husa i området, legg merke til vegetasjonen også rundt Kauapanger.

Etasjer

Det vanlege i Vålebrua er 1-1 ½ eller 2-2 ½ etasje. Det einaste huset som er høgare er Kaupanger. Det ruver midt i stasjonsbyen både med volum, høgde og arkitektur. Dette er eit svært markant hus, og framstår som eit samlingspunkt, også med sitt nåverande innhald som kulturhus med stor verksamheit og tilbod for mange. Det ville vera synd om nyare hus skulle ruve i høgde over dette kulturminnet i sentrumskjernen.

Svært mange av husa har hatt to bu-einingar; ei oppe, og ei nede. Nokre av desse er nå gjort om til einebustad. Den andre varianten er butikk i fyrste etasje, og leilegheit i andre etasje, ofte med eit kvistrom som også kunne bli leigd ut. Slik god utnytting var med og gjorde det mogeleg økonomisk å bygge litt større hus.

Fram til ca. 1940 var det vanleg å leige ut eitt rom som bustad for ein familie. Mange av husa har hatt mange fleire buande i kvart hus. Vi kjenner til at t.d. i Vestadbygningen var det ein familie pr. rom, skomakar Myhr budde der i andre etasje med familien sin på same rom som han hadde skomakarverkstad. Det var og mange av næringsbygga som hadde bustad i andre


etasje, t.d. fryseriet i Barstadbygningen, over meieributikken, over samvirkelaget, i Møllebygningen, som regel leigd ut til nokon som arbeidde der, men også vanleg utleige.



I det seinare er det bygd opp hus som har fleire leilegheitlar, t.d. nye Mæhlumsbutikken som har 4 bueninga totalt + butikklokale, og dei nye husa i Linstadkvartalet. Det har vist seg å vera behov for fleire slike bustadar nær/i sentrum, men ingen vil lenger ha berre eitt rom å bu i.

Farge Å male eit hus vart sett på som luksus, dei fleste lafta husa i Vålebrua sto ofte lenge utan panel og maling. Men det å vera ein stasjonsby med moderne preg kring 1900 gjorde også at nyare moteretningar innan byggeskikk vart vanleg.

I 1997 gjennomførte int.ark.nil Karin Solbrækken ei om-fattande fargeundersøking av husa i Jernbanegata på oppdrag for kommunen. Figur 5 og 6 viser to montasjer frå rapporten med historiske farger, hhv. sveitser- og jugendstil for Vålebrua. Det var vanleg med sterke kontrastar i fargeval og framheving av bygningsdetaljar. Litt seinare vart det vanleg å male alt kvitt, utan å framheve bygningsdetaljer.



Figur 5 Forslag sveitserstil og figur 6 forslag jugendstil. (Solbrækken 1997), diverre er fargegjevinga ikkje heit rett, men fargenummeret er rett

På eldre foto ser vi at mange av husa som i dag er ljose, ofte med same farge eller mindre avvik rundt vindu mm., var mørke med kraftigare markeringar, jf. foto under av både Kaupanger og stasjonsanlegget.



På 1950-60-talet vart det vanleg med sterke, metta farger, oransje, raudt, blått, gult, oftast med kvitt rundt vindu og vindskier, som vi ser over frå nordre del av Vålebrua.

Frå 1970 har det vorte større variasjon i fargeval og preg, mykje ljose farger. Etter 2010 har det vorte meir og meir mørke farger, gjerne mørke brun/svart beis med kvite detaljer. Innovasjonssenteret har såleis eit litt avvikande fargeval, med ei mørke grønn farge som ein kan sjå att på figur 5.

Vålebrua har fått nokre sterkt markante bygningar i raudt frå veldig ulike byggeperiodar: Bokhandelen, gamle Mæhlumsbutikken, Narvesen og nokre nyare hus som rådhuset, Annis, og seinare dei tre samvirkelagshusa: kraftig metta litt djup raudfarge. Desse husa er med og veg opp for alle dei blasse fargene som ein del av husa har fått etter kvart.


Byggeskikk

Dei eldste husa er prega av at dei er flytta frå ein gard, som ferdmannskvila i Fonstad, eller bygd etter same mal om gardshusa, som Lindstad-butikken.

Det har vore mange mindre gardstun i Vålebrua basert på sjølberging med brukshage med bærbusker og frukttre og husdyr, som Vålebrustuen/Elstadhuset. Dei lafta uthusa som står i t.d. Mæhlumsgarden, er som om dei skulle ha vore på ein gard.




Det var fleire husmannsplassar i Vålebrua; Detned, Kobberslageren, Brustugua. Alle desse husa er diverre borte i sentrumsområdet i dag. Desse var som små gardstun, med færre hus og berre ei etasje i bustadhuset. Men det fins att restar etter desse plassane, syrinbuske i bakhagen til Andersson/apoteket, murrestar i nord langs E6 (vis a vis Berg-huset) etter små bustader utan jordveg mfl.



Maleri av kopparslagarplassen av Karl Løkke, foto Lars Tvette, til høyre ser vi den nye, opparbeidde Jernbanegata, og kopparslagarplassen til venstre, midt på. Vi ser også Brænd midt i bildet.

Lindstadbutikken vart bygd ca 1860 som eit gardstun med husdyr og ein ope gardsplass inn frå Brugata. Seinare fekk butikkbygningen ei dør ut mot Brugata, frå før var det berre ut mot gardsplassen. Om lag samstundes starta Brekka som eit gardsbruk som vart utvida med butikk og skystasjon ca 1860.

Av dei tidlegaste husa som har preg av å henvende seg mot gata, var landhandleriet i Brekka og Mæhlum frå ca 1870. Fyrste byggetrinnet der var i vinkel mot Brugata med to inngangar midt på, i 1899 forlenga i vinkel mot vest langs Brugata, og så ytterlegare forlenga langs gata i 1916 med ein knekk i hjørnet mot Kjønnåsvegen med inngang mot gata. Desse tidlege bygningane fekk etter kvart litt større vindu ut mot veggen frå butikken.




På dette fotografiet ser vi det fyrste byggetrinnet i Mæhlumsgarden, stullen til venstre bak står framleis. Til høgre ser vi korleis bygningen vart bygt opp att i dag, utan bygget i vinkel på tvers mot bakgarden.

Neste utviklingstrinn i byggeskikk var i samband med jernbana, sentrumsdanning, gateplan mm frå 1890-talet. Dei fyrste arkitektteikna husa var på jernbanestasjonen. Sveitserstilen vart vanleg med sine krysspostvindu, spissare tak, opne verandaer med dekor på dei klassiske tømmerbygningane på gardane og i Vålebrua.


Det var lafting som var vanleg, og som la føringar for bygningane. Med nye laftemetodar (kamlaft og sinklaft) fekk ein høve til å gje husa eit anna preg og større fleksibilitet. Dette vart ytterlegare forsterka ut over på 1920-30-talet da ein også fekk liggande pløyd plank med not/fjær. Så vart bindingsverk og reisverk vanleg med stor fleksibilitet i utforming av husa og dekorelement.

Det vart ein flytande overgang til jugendpreg fyrst i Jernbanegata med nokre arkitektteikna hus (Kaupanger og Fredly), seinare også Melbybutikken på hjørnet, apoteket og Uldspinneriet.



Oppe i Brekkebakken ligg det nokre hus som er særst interessante og som er godt bevart med ulike stilpreg: Solbakken (overgang sveitser/jugend), Narvesen (dragestil) og Svendsenhuset og Brekken/Lidarende (tidleg funkis).

På 1930-talet vart det nye moteretningar, og funkis slo an, av dei tidlege var byggmeister Haverstad sitt bygg i Tomtegata 3/Heimstad. Karakteristisk er takforma som går opp i ein heilvalma spiss med slak takvinkel, og vindu trekte ut mot hjørna på huset.



Til venstre ser vi Heimstad midt bildet (1958), til høgre ser vi to seinfunkishus, til høyre doktorhuset, på skrå opp til venstre, Svendsenhuset, til venstre Solbakken.

Under andre verdskrigen var det få endringar, men 1950-talet kom med sterkt utvikling av bustadfelt, i utkanten av Vålebrua i nord og sør, i Tollmoen, oppover mot Folkehøgskulen og Storfuglhaugen. Dette var i hovudsak litt mindre funkishus, men av ei litt endra type med saltak, gjerne ståande panel, doble vindu med midtsprosse,

På 1970-talet vart det vanleg med heilt andre hustyper med ferdighus frå katalogar, same hus for over heile landet. Husmorvindu vart moderne (store nesten kvadratiske vindusflater utan

midtsprosse) erstatta også eldre vindu i andre hus og endra såleis preget på mange av husa i Vålebrua.




Vi finn få bustadhus frå etter 1970 i Vålebrua, men eldre hus som er modernisert og såleis har fått moderne preg, med det gamle huset som ein kjerne. Ein annan måte å bygge om eit eldre hus på, har vore å ha tilbygg på eine sida, slik at fasaden held det gamle bygningskroppen mot gata.

Vegar og samferdsel


Busetting, byggeskikk og såleis kulturminna i Vålebrua, heng tett saman med ferdsel og handel/næringsliv. Det som i dag er kjent som ein stasjonsby, var tidlegare spreidde husmannsplassar og noko næringsverksemd langs Våla, særleg knytta til nordre brua, som er den eldste med mølle, sagbruk mm.

Kongsvegen/Trondheimsvegen vart i 1860 flytta frå Vekkom og over Våla, til ned Grovbakken lenger sør, gjennom Skjeggestad og langs Våla til brua. Da vart det ei sterkare utvikling langs Våla med sagbruk, bakeri, farger, garveri, mølle, mellom den nye veggen og elva. Området ved brua voks fram som eit viktig handels- og kommunikasjonssenter med vegane opp til Vekkom og Kjønnsås/Venabygda i tillegg til Trondheimsvegen med akse nord/sør.



Med jernbana som kom i 1896 kom det meir hus mellom stasjonen og Mæhlums-kvartalet. Dette vart regulert av ein eige reguleringsplan i 1899 med kvartalsstruktur i Tollmoen, sent-

rumstriangelet og på austsida av Våla.. Lenger nord voks Brandstad-butikken fram som eit anna kjerneområde. Fram til den nye brua kom over Våla (1955) ved det som i dag er Brannstasjonen, var det berre ein sti sørover der E6 ligg i dag, ein måtte gå over jernbanebrua eller oppom Mølla for å koma over Våla. På fotografiet (over) ser vi den rette veggen mellom jernbanestasjonen oppover mot krysset ved Brekka/Mæhlums-garden.



Her ser vi ysteriet og Våla før vegen vart lagt om, til høgre ser vi den nye bensinstasjonen i det nye vegkrysset.

Da riksvegen vart lagt om nærmare jernbana og med ny bru over Våla, endra preget seg mykje. Den tidlegare så travle Brugata vart meir fredeleg. Motorisert ferdsel auka kraftig etter 1950 med bil, lastebil og traktorar. Samstundes endra også næringslivet seg i åra etter krigen. Den nordre del av Brugata som tidlegare vart kalla Skreddargata, mista preget som handverksgata, slike hus med næring og bustad i same huset vart meir sjeldan.

Med bilen kom også bensinstasjonane, fyrst butikkar med ei pumpe, som Mæhlumsbutikken, så kom bensinstasjonane, Esso, ved Nustadhuset, så kom den moderne BP stasjonen ved den nye brua. Desse var viktige samlingsplassar, og ved fleire av dei voks det og fram bilverkstad. Nå er det att berre ein bensinstasjon i Vålebrua, men to av dei nedlagde er bevara og i ny bruk.

Mange hadde lang veg for å lever korn på mølla, eller handle, så det vart etter kvart kafe mange stader, nokon berre i stutte periodar, nokon i lenger periodar. Den store ferdselen gjennom dalen, over fjellet, og butikklivet, gjer at det er behov for mange kafear også i dag.

Samla oversyn over antal kulturminne/faktaark

Gudbr.dsdalsv. E6	19
Bjørgemo	1
Brugata	27
Hanstadgata	5
Høystadvegen	3
Jernbanegata	11
Kjønnåsvegen	3
Nymogata	1
Ole Steigsgate	6
Randklevsgata	1
Sameiegegata	2
Tomtegata	9
Ulbergsvegen	3
Vekkomsvegen	1
Torggata	1
sum	93

Kjelder

Dahl, Torveig. *Om framveksten tå Vålebrua fram åt 1940.* Volda 1977.

Eng, Børre. *Stedsanalyse. Reguleringsplan for Vålebru.* Aspan viak/Ringebru kommune 2003.

Mangset, Kari Laaverud. *Stedsanalyse. Grunnlag for områdereguleringsplan for Vålebru.* Ringebru kommune 2021.

Mangset, Kari Laaverud. *Vålebru inn i framtida. Prosjektplan.* Ringebru kommune 2020.

Paulsrud, Geir. *Kongsvegen gjennom Ringebru. Ringebru Stavkyrkje og Prestegard. Kultur-sentrum i tusen år.* Ringebru historielag 2021.

Riksantikvaren. *Håndbok for lokal registrering av kulturminner og kulturmiljø.* Riksantikvaren.no

Riksantikvaren. *Verdisetting og vekting av kulturminner.* Riksantikvaren.no

Rønningen, Ola. *Nedlagde heimar.* Ringebru Historielag 1996

Solbrækken, Karin. *Fargeanalyse hus.* Ringebru 1997.

Svingen, Odd E. *Byggeskikk på Ringebru. En estetisk veileder. Designguide.* Ringebru kommune 1990

Aaby, Halvor. *Ringebru heim og folk band 3 Vålebru.* Ringebru Historielag 2015.

Åsmundstad, Per. *Vålebru 1899-1999 «Landets minste by».* Ringebru Historielag 1999.

Andre kjelder

Digitalt Museum – dei fleste eldre foto

Hemgrenda, artiklar

Lokale informantar Asbjørn Haverstad, Tor Aaløkken, Arne Martinsen, Inge Asphoug, John Sandvik, Per Aasmundstad m.fl.

Lokalhistoriewiki

Matrikkel

Nettstaden Norge i bilder og andre kart

Wikipedia

Vedlegg 1 **Vålebrua, oversikt over alle**

Vedlegg 2 **Vålebrua, faktaark over alle kulturminne/miljø.**